

## RUNDSKRIV FOR TILSKOTSORDNING

Rundskriv 01/2023

Vår ref.: 21-26

Dato: 18.01.2023

# **Integreringstilskot, eldretilskot og barnehagertilskot for 2023, kap. 671 post 60**

Retningslinjer for forvaltning av tilskot frå kap. 671, post 60. Fastsett av Arbeids- og inkluderingsdepartementet 01.01.2023, i samsvar med § 8 i *Reglement for økonomistyring i staten* og kapittel 6 i *Bestemmelser om statlig økonomistyring*. Retningslinjene trer i kraft same dato.

IMDI har ansvar for å forvalte tilskotsordninga.

## **1. Mål for ordninga**

Integreringstilskotet skal bidra til rask og treffsikker busetting, sikring av god kvalitet i kvalifiserings- og integreringstilbodet og overgang til arbeid og/eller utdanning. Tilskotet skal gi ei rimeleg dekning av meirutgiftene kommunane har til arbeidet i busettingsåret og dei neste fire åra.

Kommunane skal gjennomføre eit planmessig og aktivt busettings- og integreringsarbeid, slik at flyktningane kan forsørge seg sjølve og ta del i samfunnet.

Tilskotet skal også medverke til busetting av eldre og flyktningar med alvorlege kjende funksjonsnedsettingar og/eller åferdsvanskar.

## **1.2 Kven kan søke om tilskot?**

Kommunar som buset personar i målgruppa, kan søke om integreringstilskot, eldretilskot og barnehagertilskot.

## **1.3 Kven er i målgruppa?**

- A) Personar med eit opphaldsløyve som gir rett til fornya opphold og/eller permanent opphold, og som
  - har fått vern med flyktningstatus (asyl) i Noreg
  - har fått opphaldsløyve på humanitært grunnlag (asyl)
  - har fått kollektivt vern i ein massefluktsituasjon
  - er overføringsflyktningar
- B) Personar som blir innvilga familieinnvandring med gruppene som er nemnde i punktet ovanfor
  - Dette gjeld anten dei kjem samtidig med hovudpersonen til Noreg eller får familieinnvandring på eit seinare tidspunkt, men berre så lenge hovudpersonen er omfatta av integreringstilskotsordninga.
  - Kommunane får utbetalt integreringstilskot i tre år for personar som kjem til landet i familieinnvandring med personar som har opphold på humanitært grunnlag.

Løyvet for gruppe A og B må danne grunnlag for permanent opphaldsløyve og fornying. Vilkåret om at løyvet må danne grunnlag for permanent opphaldsløyve, gjeld ikkje for kollektivt vern i ein massefluktsituasjon.

- C) Nokre grupper som blir busette etter avtale med kommunen og IMDi, utløyer integreringstilskot sjølv om dei som bur her, ikkje har eit løyve som gir grunnlag for permanent opphaldsløyve. Dette er
- personar som har fått eit fornybart, avgrensa opphaldsløyve på bakgrunn av søknad om asyl som medlem i ein barnefamilie
  - personar som har fått eit fornybart, avgrensa opphaldsløyve på grunnlag av søknad om asyl som einsleg mindreårig flyktning
- D) Personar som har fått opphold på bakgrunn av eitt eller fleire av desse forholda, utløyer integreringstilskot:
- personar som har blitt mishandla i samlivsforhold
  - personar som ikkje kan returnere til heimlandet på grunn av sosiale eller kulturelle forhold
  - personar som har vore utsette for tvangsekteskap

Desse personane har rett og plikt til introduksjonsprogram.

- E) Barn fødde i Noreg som har opphaldsløyve som familieinnvandra eller avleidd flyktningstatus, jf. utf. § 7-2 (1). Referansepersonen må ha eit opphaldsløyve som nemnt i punkt A. Mor må vere busett etter avtale mellom kommunen og IMDi.  
Det er ein føresetnad at
- barnet er født inntil 6 månader etter at mor er busett i ein kommune eller at
  - barnet er født før mor blei busett med offentleg hjelp, og i etterkant får innvilga eit opphaldsløyve som familieinnvandra eller avleidd flyktningstatus, jf. utf. § 7-2 (1), og registrert busett med offentleg hjelp
- F) Personar med avslag på søknad om asyl som har opphalde seg i Noreg i over 16 år etter at asylsøknaden blei innlevert, og som har ein samla alder og opphaldstid på minst 65 år, jf. eingongsløysinga G-14/2021.

Personar som blir busette frå mottak sjølv om dei ikkje har opphaldsløyve på grunnlag av asyl, overføringsflyktningar og personar som har fått kollektivt vern, utløyer integreringstilskot dersom dei blir busette etter avtale mellom kommunen og IMDi. Dersom tilskotet ikkje blir utbetalt automatisk, kan kommunen søke IMDi via digital post etter busetting.

## 2. Vilkår for å få tilskot

Kommunar som buset personar i målgruppa for integreringstilskot, vil motta tilskot i samsvar med satsar i punkt 3.

For å få utbetalt integreringstilskot må kommunen gjennomføre aktivitetar/tiltak som har som formål å medverke til å nå mål for ordninga.

Integreringstilskotet blir utbetalt uavhengig av kva behov den enkelte flyktningen måtte ha for oppfølging, tiltak og tilrettelegging i kommunen.

Integreringstilskotet finansierer meirutgiftene kommunen har til mellom anna

- innvandrar- og flyktningkontortenester
- bustad- og bustadadministrasjonstenester
- introduksjonsprogram/introduksjonsstønad
- sysselsettingstiltak
- yrkeskvalifisering og arbeidstrening

- Nav (statleg og kommunal del)
- barne- og ungdomsverntjenester
- tolketjenester
- barnehagetenester
- integreringstiltak i grunnskolen
- kultur- og ungdomstiltak
- utgifter til den kommunale helsetenesta
- omsorg for personar med rusproblem
- støttekontakt

Integreringstilskotet og tilskot til opplæring i norsk og samfunnskunnskap for vaksne innvandrarar finansierer introduksjonsprogrammet i kommunane.

### **3. Dette får kommunen i tilskot**

Alle kommunar som buset flyktningar, får tilskot etter same satsstruktur og nivå. Det er ulike satsar for kvart år kommunen mottar integreringstilskot for ein person. Tilskotet blir som regel utbetalte i fem år.

Integreringstilskotsordninga omfattar tilskot for år 1 (busettingsåret), tilskot for år 2–5, ekstra eingongstilskot for personar over 60 år (eldretilskot), ekstra eingongstilskot for barn 0–5 år (barnehagetilskot) og ekstratilskot (tilskot for busetting av personar med alvorleg nedsett funksjonsevne og/eller åtferdsvanskar). Les meir om denne ordninga i rundskriv 05/2023.

Kommunane får eit høgare tilskot for einslege vaksne det første året.

Satsar for integreringstilskot i 2023 etter prisjustering RNB 2023(juni), satsen gjelder hele 2023:

Tilskot	Busettingsår	Sum
Integreringstilskot	År 1 (2023)	241 100 kroner (einslege vaksne)
Integreringstilskot	År 1 (2023)	194 400 kroner (vaksne)*
Integreringstilskot	År 1 (2023)	187 000 kroner (einslege mindreårige) **
Integreringstilskot	År 1 (2023)	194 400 kroner (barn)*
Integreringstilskot	År 2 (2022)	249 500 kroner
Integreringstilskot	År 3 (2021)	177 400 kroner
Integreringstilskot	År 4 (2020)	88 000 kroner
Integreringstilskot	År 5 (2019)	72 000 kroner
Barnehagetilskot	År 1 (2023)	27 800 kroner (eingongstilskot)
Eldretilskot	År 1 (2023)	180 600 kroner (eingongstilskot)

\*Personar blir rekna som vaksne frå og med det året dei fyller 18 år.

\*\*Einslege mindreårige flyktningar utløyser integreringstilskot år 1 med sats for einslege mindreårige flyktningar. Dette gjeld også einslege mindreårige flyktningar som har fylt 18 år ved busettinga.

#### **3.1 Integreringstilskot for år 1 (busettingsåret)**

Med år 1 meiner vi året for første busetting av flyktningar som har fått opphaldsløyve.

- For personar som får vern (asyl), eller som får opphold på humanitært grunnlag, blir integreringstilskotet utbetalte for år 1 frå dato dei blir busette i ein kommune første gong.
- Dersom familiemedlemmer får familieinnvandring med desse personane, får kommunen tilskot for desse frå dei kjem til kommunen (førstegongs opphaldsløyve).

Hovudregelen er at søknaden om familieinnvandring skal innvilgast før familien kjem til Noreg. I enkelte tilfelle kjem familien til landet før søknaden om familieinnvandring er innvilga. I dei tilfella er det året for innvilginga som gjeld som år 1.

- For personar som har fått innvilga familieinnvandring allereie før dei kjem til Noreg, vil integreringstilskotet for år 1 bli utbetalt frå datoен for underretting av vedtak. For utbetaling av tilskot er det ein føresetnad at dei har blitt registrerte hos politiet (at opphaldsvedtaket deira er underretta), og at adressa deira er registrert hos DSF (det sentrale folkeregisteret).

### 3.2 Integreringstilskot år 2–5

Integreringstilskot for år 2–5 omfattar personar som har utløyst integreringstilskot for år 1 i åra 2019–2022. Forvaltninga av tilskotsordninga er i løpet av 2021 digitalisert. Alle kommunar finn oppdaterte utbetalingsgrunnlag i portalen IMDi Tilskot (sjå imdi.no for tilgang og pålogging). Tilskotet for 2023 blir utbetalt i fire terminar. Ein fjerdedel av tilskotet for personane som er busette i kommunen, blir utbetalt medio april, medio juni, medio oktober og medio desember.

Tilskotet blir utbetalt på grunnlag av registrert busettingsdato i IMDinett (grunnlag frå Datasystem for utlendings- og flyktningsaker (DUF)) og registrert adresse i folkeregisteret (DSF). IMDinett/DUF viser kven som er registrert busett i det enkelte året, medan DSF gir ei oversikt over kvar desse personane er registrerte som busette. Ein viktig føresetnad for at integreringstilskotet for ein person skal bli utbetalt til riktig kommune, er at personen har meldt flytting til folkeregisteret (via skattekontoret). Kommunen personen er registrert busett i, vil få utbetalt integreringstilskot for 2023. Nytt frå 2022 er at IMDi vil utbetale integreringstilskotet til kommunen som personen ifølge folkeregisteret er registrert busett i, jf. punkt 3.2.6.

DSF bruker både flyttedato og registreringsdato. Det kan derfor hende at ein person har flytta i 2022, men at flyttinga først blir registrert i 2023. I slike tilfelle vil utbetinga av tilskotet bli korrigert ved neste terminutbetaling.

Dersom ein person har flytta til ein annan kommune, er hovudregelen at det ikkje er nødvendig å melde frå til IMDi om dette. Dersom kommunen blir merksam på at ein person som har registrert flyttedato i DSF, ikkje får korrigert tilskotsutbetinga, ber vi om at kommunen informerer IMDi via endringsførespurnad i IMDi Tilskot. Hovudregelen er at flytting skal vere avklart mellom kommunane når flyttinga skjer innanfor fem år frå busettingsdatoen. Automatisk utbeting av tilskot til den registrerte bustadkommunen er ikkje ein aksept av flytting mellom kommunar.

#### 3.2.1 Eingongstilskot for barn 0–5 år (barnehagetilskot) – år 1

Tilskotet blir utbetalt per barn i aldersgruppa 0–5 år. For 2023 vil barn som er fødde 1. januar 2018 eller seinare, gi rett til tilskot. Tilskotet blir utbetalt samtidig med integreringstilskotet for år 1.

Tilskotet skal bidra til særskild tilrettelegging i barnehage for nykomne flyktingar, for eksempel med tospråklege assistenter. Eingongstilskotet omfattar også barn som er fødde inntil seks månader etter at mor er busett med offentleg hjelp i ein kommune. Sjå pkt. 1.3.

#### 3.2.2 Ekstra eingongstilskot for personar over 60 år (eldretilskot) – år 1

Tilskotet blir utbetalt for personar som har fylt 60 år ved busetting i 2023. Tilskotet blir utbetalt samtidig med integreringstilskotet for år 1.

#### 3.2.3 Særskilt tilskot ved bersetting av einslege mindreårige flyktingar

Kommunar som buset einslege mindreårige flyktingar, mottar i tillegg til det ordinære integreringstilskotet eit særskilt tilskot for einslege mindreårige.

Særskilt tilskot for einslege mindreårige flyktingar for år 1 blir utbetalt frå månaden den einslege mindreårige blir busett. Tilskotet frå og med år 2 og vidare blir utbetalt kvart år ut det året den einslege mindreårige fyller 20 år. Einslege mindreårige flyktingar som fyller 18 år ved buseetting, utløyer integreringstilskot med sats for einslege mindreårige.

Les meir om denne ordninga i rundskriv 02/2023.

### 3.2.4 Tilskot ved buseetting av personar med nedsett funksjonsevne og/eller åtferdsvanskar (ekstratilskot)

Ved buseetting av flyktingar med nedsett funksjonsevne og/eller åtferdsvanskar kan kommunane søke om tilskot frå IMDi for å dekke ekstraordinære utgifter dei har som følge av buseettinga. Les meir om denne ordninga i rundskriv 05/2023.

### 3.2.5 Integreringstilskot for barn etter omsorgsovertaking

Barneverntenesta kan i nokre tilfelle plassere barn i institusjon eller fosterheim etter barnevernlova i ein annan kommune enn den barnet blei busett i. Dersom ein annan kommune enn bustadkommunen har omsorga og utgiftene knytte til omsorgstiltaket, vil kommunen som har omsorgsansvaret, ha krav på heile integreringstilskotet. I slike situasjonar må

- buseettingskommunen informere IMDi om kva kommune som har kostnadene, og den automatiske utbetalinga av tilskota til bustadkommunen stoppast
- kommunane det gjeld, inngå ein skriftleg avtale om kva for kommune som har kostnadene og skal motta tilskotet
- kommunen som har kostnadene, kvart år søker IMDi om tilskotet innan utgangen av februar, med ein kopi av avtalen mellom kommunane som vedlegg til søknaden

Kommunen kan sende inn avtalen via endringsmelding i IMDi Tilskot eller via digital post til IMDi.

Dersom tilskota er utbetalte til bustadkommunen, kan kommunen som har omsorga og kostnadene, krevje å få heile tilskotet overført frå bustadkommunen.

### 3.2.6 Deling av tilskot mellom kommunar ved flytting

Dersom ein person som er i målgruppa for tilskotet, flyttar mellom kommunar i tilskotsåret, må vedkommande melde frå om flytting til folkeregisteret for at adressa skal oppdaterast i DSF. Personar har plikt til å melde frå om adresseendringa innan åtte dagar etter flytting, jf. folkeregisterlova § 6-1.

Ved flytting blir tilskotet utbetalte til fråflyttingskommunen ut inneverande og påfølgande månad. Deretter mottar tilflyttingskommunen tilskotet. Det er registreringsdatoen i folkeregisteret som legg føringer for berekning av tilskotsdelinga (inneverande månad).

Fordelinga gjeld alle tilskot.

### 3.2.7 Tvist om deling av tilskot ved flytting

Tilflyttingskommunen har i perioden det blir utbetalte integreringstilskot, berre ansvar for å yte sosiale tenester til den som flyttar dit, dersom flyttinga er eksplisitt avtalt med

fråflyttingskommunen/busettingskommunen (eller det er openbert urimeleg å avslå søknaden), jf. *lov om sosiale tjenester*.

Dersom flyttinga ikkje er avtalt, kan Nav-kontoret i tilflyttingskommunen avslå søknaden om tenester med tilvising til at busettingskommunen har ansvaret, med mindre det er openbert urimeleg. Det kan for eksempel vere openbert urimeleg å vise til busettingskommunen dersom vedkommande har nær familie i tilflyttingskommunen eller er offer for tvangsekteskap. Det same gjeld dersom personen er sjølvforsørgande i tilflyttingskommunen, men søker økonomisk stønad i ein nødssituasjon, eller dersom vedkommande treng hjelp etter å ha vore sjølvforsørgd ei tid.

Oppstår det tvist om deling av tilskot mellom kommunar, avgjer IMDI tvisten. Dersom fråflyttingskommunen og tilflyttingskommunen er ueinige om kva for kommune som er ansvarleg for introduksjonsprogram og opplæring i norsk og samfunnskunnskap etter integreringslova, og økonomisk sosialhjelp etter *lov om sosiale tjenester*, er det Statsforvaltaren som avgjer spørsmålet. IMDI vil legge denne avgjerdta til grunn for deling av tilskota.

### 3.2.8 Tilskot ved dødsfall, tilbakevending til opphavslandet eller reise ut av landet av andre årsaker

Kommunen skal melde frå til IMDI (endringsmelding i IMDI Tilskot) dersom dei får kjennskap til at personar som utløyser integreringstilskot, er døde eller har forlate landet, slik at IMDI kan stoppe den automatiske utbetalinga av tilskotet. Tilskotet blir utbetalt til busettingskommunen i tre – 3 – påfølgande månader.

### 3.2.9 Tilskot for tilbakevende som gjeninnvandrar til landet

Dersom ein flyktning eller ein person med opphold på humanitært grunnlag vender tilbake til heimlandet og så kjem tilbake til Noreg, vil kommunen få integreringstilskot dersom personen framleis er i målgruppa. Hovudprinsippet er at det blir utbetalt integreringstilskot for den tida personen reelt er busett, men ikkje for meir enn totalt fem år.

### 3.2.10 Tilskot for personar som flyttar inn i mottak etter å ha vore busette i ein kommune

Dersom ein person flyttar inn i mottak igjen etter å ha vore busett i ein kommune, blir integreringstilskotet stansa i tre – 3 – månader etter at personen flytta inn i mottak. Dersom personen blir busett på nytt, blir tilskotet reaktivert frå der det blei stoppa, og det gjeldande beløpet for året blir utbetalt til den kommunen som buset personen på nytt. Hovudprinsippet er at det blir utbetalt integreringstilskot for den tida personen reelt er busett, men ikkje for meir enn totalt 5 år.

### 3.2.11 Presiseringar og definisjonar

#### *Einslege vaksne*

Personar som blir busette utan familie, blir definerte som einslege vaksne. Utgangspunktet for berekning av integreringstilskotet er at vedkommande er busett som persontypen einsleg vaksen, det vil seie utan partner / ektefelle / foreldre / besteforeldre / einslege vaksne søsken eller barn.

#### *Familieinnvandring*

Ein føresetnad for at familieinnvandra skal utløyse integreringstilskot, er at den herbuande (den som bur her) har flyktningstatus eller opphold på humanitært grunnlag. Ved familieinnvandring må den herbuande ikkje ha lengre butid enn at vedkommande framleis er omfatta av integreringstilskotsordninga, vanlegvis fem år etter førstegongsbusettinga av den herbuande, for at familieinnvandring skal omfattast av integreringstilskotsordninga. Det er søknadstidspunktet for saka der familieinnvandring blir innvilga, som blir lagt til grunn ved berekning av tidsfristen.

Personar som får vedtak om familieinnvandring med ein person som har opphold på humanitært grunnlag, utløser integreringstilskot i tre år. Ordinga med integreringstilskot i tre år omfattar berre personar som det blir søkt om familieinnvandring for etter at hovudpersonen har fått innvilga opphalds- eller arbeidsløyve på humanitært grunnlag. Regelen har ikkje betydning for situasjonar der familien kjem til landet samtidig, eller i perioden før hovudpersonen har fått innvilga opphalds- eller arbeidsløyve og familieinnvandring blir innvilga samtidig med opphalds- eller arbeidsløyvet til hovudpersonen.

Det blir ikkje utbetalt integreringstilskot for familieinnvandring

- dersom den herbuande er norsk eller nordisk statsborgar når det blir søkt om familieinnvandring
- dersom den herbuande er norsk eller nordisk statsborgar på vedtakstidspunktet for familieinnvandring
- for personar som får vedtak om familieinnvandring med ein person som sjølv kom til Noreg på grunnlag av familieinnvandring
- dersom personen har fått mellombels opphaldsløyve som ikkje kan fornyast og ikkje gir grunnlag for permanent opphaldsløyve

#### **4. Slik får kommunen tilskot**

Forvaltninga av tilskotsordninga er i 2021 digitalisert. Kommunane treng ikkje å søke om tilskot for personar i målgruppa for tilskot som er busette eller familiesameinte etter 01.01.2021, da dette skjer automatisk.

For personar det tidlegare ikkje er utbetalt tilskot for, og som er busette i 2020 eller tidlegare, er det framleis behov for at kommunen søker om tilskot.

##### **4.1 Integreringstilskot år 1–5, barnehagetilskot, eldretilskot og endringar**

Kommunane får tilgang til ei oppdatert oversikt over personar som er registrerte som busette og folkeregistrerte i den enkelte kommunen, ved dei fire terminutbetalingane for integreringstilskot og særskilt tilskot for einslege mindreårige i IMDi Tilskot. Denne oversikta er utgangspunktet for berekning av tilskota for personar som blei busette i 2019, 2020, 2021, 2022 og 2023.

Integreringstilskot år 1–5, barnehagetilskot, eldretilskot og særskilt tilskot ved busetting av einslege mindreårige inngår i same utbetalingsgrunnlag saman med ekstratilskot.

For busette i 2023 blir heile tilskotet utbetalt for år ein – 1 – ein ved første termin etter busetting, dvs. integreringstilskot år 1, barnehagetilskot, eldretilskot og særskilt tilskot år 1. Integreringstilskot år 2–5 og særskilt tilskot for einslege mindreårige (påfølgande år) blir utbetalte som ein fjerdedel av årssummen per termin.

Kommunane vil ved slutten av kvartalet (dersom det ikkje er informert om noko anna tidspunkt) få tilgang til eit utkast til utbetalingsgrunnlag. Grunnlaget gjeld for heile den gjeldande terminen uavhengig av tidspunktet grunnlaget blir presentert på. Kommunen må gå igjennom utbetalingsgrunnlaga og sende ei eventuell endringsmelding i IMDi Tilskot. Endringsmeldingar kan sendast både for personen og for utbetalingsgrunnlaget. Det kan for eksempel vere informasjon om at personar har reist ut av landet, er døde eller er ukjende for kommunen.

Kommunen skal kontrollere utbetalingsgrunnlaget og sende inn endringsmelding så snart som mogleg. Endringsmeldingar vil bli behandla fortløpande.

Ved søknad om tilskot for personar busette før 01.01.2021 er rundskriv og søknadsskjema tilgjengelege på [www.imdi.no](http://www.imdi.no)

## 5. Utbetaling av tilskot til kommunen

Utbetalinga av tilskotet skal skje i samsvar med IMDis interninstruks for økonomiforvaltning, og fortrinnsvis etter utgangen av årets fire kvartal.

Integreringstilskotet for år 1 blir utbetalt under eitt for busettingsåret tilskotet er innvilga for. Integreringstilskotet frå og med år 2 skal som hovudregel utbetalast i fire terminar. Utbetalingspunktene er medio april, medio juni, medio oktober og medio desember.

## 6. Oppfølging og kontroll

Kommunane skal ikkje legge fram særskild rekneskap og rapport for bruk av integreringstilskot.

Kartlegging av utgiftene kommunane har til busetting og integrering av flyktningar, blir gjennomført årleg av eit berekningsutval der både staten og kommunesektoren er representerte.

IMDi og Riksrevisjonen kan kontrollere at midlane blir nytta etter føresetnaden, jf. § 10 andre ledd i *Bevilgningsreglementet* og § 12 tredje ledd i riksrevisjonslova.

## 7. Foreldingsfrist

Den alminnelege foreldingsfristen er tre år rekna frå den dagen fordringshavaren tidlegast har rett til å krevje å få oppfylling, eller – for utbetaling av integreringstilskot – frå det tidspunktet kommunen tidlegast har rett til å krevje tilskotet utbetalst, jf. foreldingslova §§ 2 og 3.

## 8. Klagereglar

Tildeling av tilskot og krav om tilbakebetaling av integreringstilskot er ikkje eit enkeltvedtak etter forvaltningslova (fvl.) § 2 første ledd bokstav b. Kommunane har derfor ikkje klagerett på verken tildeling av tilskot eller krav om tilbakebetaling av tilskot, jf. fvl. §§ 3 første ledd og 28. Utover det gjeld saksbehandlingsreglane i forvaltningslova.